

Soknerådsmøte i Moster tysdag 16.06. 2020

Desse møtte: Rune Sivertsen, Gunnvald Bjotveit, Aksel Lygre, Per Harald Gjerde, Elin Taranger, Camilla Rubach.

Desse møtte ikkje: Heidi Torkelsen Fagervik og Gerda Bondø.

Sak 43 – 2020 Godkjenning av møtebok frå 12.05.20 og av innkalling.

Møtebok og innkalling godkjend.

Sak 44 – 2020 Oppfølging av tidlegare saker.

Kyrkjemusikalsk utval vil verta innkalla til soknerådsmøtet den 22. september.

Oppnemning av nokon som sender foto og tekst til heimeside til kyrkjekontoret. Eit par namn er lyfta fram som aktuelle til denne oppgåva. Forslag til retningslinjer v. Aksel.

Vedtak: Soknerådet bed nokon om å fotografera og senda enkel tekst til kyrkja si heimeside, basert på dei retningslinjer som er utarbeidde. Elin fylgjer opp saka.

Temakveldar: 01.10: Me les Markus evangeliet. 22.10: Forbønsgudsteneste. 19.11: Bibeltide.

Tema: Pest og plage – straff frå Gud, eller? Desse Samlingane vert lagt til Moster kyrkje.

Vedtak: Ansvarleg komité fylgjer opp, og involverer diakoniutvalet i forbønsgudstenesta.

Innrapportering av behov frå sokneråd til fellesråd inne i kyrkja. Endeleg liste over kva vi treng, vert sett opp på møtet i august.

Opning av gudstenester frå og med 21.juni. Drøfting og informasjon:

Aksel orienterte om smittevernrettleiar o.a.

Denne gudstenesta står ikkje på den opphavelige gudstenestelista. Kyrkjevertar vart satt opp.

Aksel tek ansvar for å setja opp smittevernplakat i våpenhuset. Det vert ikkje leikekrok og kyrkjekaffi.

Korleis nytta den store deltakinga på nettgudstenestene til å vitalisera gudstenestelivet?

Oppfølging: Skaffa fleire tekstlesarar. Fire nye i fast rullering på gudstenestelista. Involvera fleire i musikkinnslag. Dette vert tema på møtet den 22. september.

Sak 45 – 2020 Krafftak for misjon.

Kort info ved Aksel. Vedtak: Moster sokneråd samlar via facebook og gudstenesta inn kr 5000,- eller meir til Det Norske Misjonsselskap. Me nyttar VIPS. Dersom me ikkje greier å samla inn kr.5000, - dekkjer soknerådet resten. Aksel fylgjer opp saka.

Sak 46 – 2020 Datoar for sokneråd og AU hausten 2020.

Utsett frå førre møte til i dag.

Vedtak: Soknerådet i Moster har hausten 2020 møte tysdagane 25.august, 22.september, 27.oktober, 17.november og 08.desember, alle kveldar kl.19:00.

Sak 47 – 2020 Revisjon av lokal liturgisk grunnordning.

Vedtak: Soknerådet vil liggja nærast mulig opp til dei vedtaka som vart gjorde sist gong, av soknerådet i 2011. Me går difor inn for forslaget i denne saka, som vedlagt. Me føreset at det vert gjort likt i alle kyrkjelydane på Bømlø. Punkt 1 og punkt 18 i spørjeskjemaet må takast stilling til ved seinare høve. Soknemøtet har den endelege avgjerda.

Sak 48 – 2020 Kollekt frå gospelgudsteneste 13.april, Bremnes.

Kyrkjeverja skriv i e-post: «13. april var det sett opp ei ekstra gospelgudsteneste i Bremnes kyrkje som skulle vera til inntekt for nytt flygel i Bremnes kyrkje. I denne perioden var vi inne i ei ordning der kollekten skulle fordelast etter fordelingsnøkkel til alle fire sokna. I.o.m. at dette var sett opp som ei ekstra gudsteneste er det eit spørsmål/ynskje frå Bremnes sokneråd og kantor i Bremnes til å behalda takkofferet knytt til denne gudstenesta til det opprinnelege føremålet. Dette kan også sjåast på som ei «gåve» til Bremnes sokneråd for den ekstra administrative utfordringa som soknerådet har hatt knytt til administrering av felleskollektane som er komme inn no i «korona-perioden». Håpar på positiv tilbakemelding knytt til dette.»

Vedtak: Det som vart utlyst som offerføremål er kontrakt med givarane, og må difor gå til oppsett føremål. Moster sokneråd bevilgar summen som kom inn til Moster som gåve til Bremnes sokneråd, føremål flygel, og gjev pengane som kom inn til oppsett føremål.

Sak 49 Montasje av leikevegg.

Forslag frå Karianne H Fimland. Info og drøfting.

Saka vert utsett.

Sak 50 Sommarfullmakt til AU.

Vedtak: Soknerådet gjev leiar, nestleiar og sokneprest generell sommarfullmakt til hastevedtak, fram til soknerådsmøtet i august.

Sak 51 – 2020 Referat og meldingar

17.mai: Strøymegudstenesta var ein suksess.

Konfirmasjon: 26. og 27. september. Avgrensing på gjester. Konfirmantane er Informert.

Skifting av glas, måling og anna vedlikehald av kyrkja. Info ved Rune.

Orgelkomiteen: Kontrakt med orgelbyggjar Torkildsen vart signert den 12.06.20 om bygging av orgel i Moster kyrkje. Eit firma vil overta det gamle orgelet, og vil ta det ned rett før bygginga av det nye.

Frå fellesrådet: Sjå møtebok.

Meldingar ved soknerådsleiar, sokneprest eller andre.

-Aksel: Takkar på vegne av staben for kake og blomar i samband med strøymegudstenestene.

-Institusjonsgudsteneste og andakt vert tatt opp att.

Sak 52 - Ymse